



Retningslinje for samfunnsansvar og berekraft
for bedriftsmarknad

Innholdsliste

Føremål	4
Styrande prinsipp	4
Ansvar	4
Samfunnsansvar i kredittgjevinga	4
Generelle retningslinjer for kredittgjeving til aktivitetar med auka risiko	4
Miljø	5
Samfunn	5
Verksemdstyring	5
Bransjar banken ikkje finansierer.....	5
Forventningar og krav til bransjar	6
Jordbruk (landbruk og skogbruk)	6
Fiskeri	6
Havbruk	6
Industri og bergverk.....	7
Bygg og anleggsverksemd	7
Eigedom.....	7
Kraft	7
Land- og sjøtransport	8
Petroleumsverksemd.....	8
ESG-vurdering i kredittprosessen	8
ESG-vurdering.....	8
ESG-scoring	8
Grøn finansiering	9
Oppfølging, kontroll og tiltak.....	9
Offentleggjing	9

Dokumentkontroll

Eigar og godkjenner:	Kredittutvalet
Ansvarleg:	Kredittsjef
Produsent:	Berekraftsansvarleg
Oppretta dato:	11.11.2022
Sist oppdatert:	24.04.2026

Endringslogg

Siste endringa øvst.

Dato	Versjon nr.	Kap.	Kort beskriving	Sign
24.04.2026	1.3		Revidering tekst. Nytt underkapittel «Grøn finansiering»	HH
14.02.2025	1.2		Revidering av tekst.	GSM
07.05.2024	1.1		Rettingar i tekst	HH
17.02.2023	1.0		Godkjent i Kredittutvalet. Publisert.	GSM

Føremål

SpareBank 1 Sogn og Fjordane (heretter Banken) skal vere ei drivkraft for grøn omstilling og miljø- og samfunnsansvarleg utvikling av næringslivet i regionen, med fokus på konkurransekraft og langsiktig verdiskaping.

Banken finansierer små og mellomstore næringsverksemdar som påverkar miljø, sosiale og økonomiske forhold. Difor skal banken opptre som ein ansvarleg samfunnsaktør. Kredittvurderinga og løpande oppfølging av kundar skal sjå kunden sin kredittverdighet i eit langsiktig perspektiv, inkludert påverknaden på klima, miljø og sosiale forhold.

Alle tilsette som jobbar med kredittgjeving til bedriftskundar skal kjenne banken sine prinsipp og retningslinjer. Føremålet med denne retningslinja er å sikre at banken når finansielle mål og set tydelege rammer for kredittarbeidet. Kundar skal vurderast opp mot gjeldande lovverk og ESG-modell, med generelle og bransjespesifikke spørsmål.

Styrande prinsipp

Banken sin tilnærming til berekraft er integrert i kredittvurderingsprosessen, med fokus på ESG-faktorar for å evaluere næringsverksemdar sitt arbeid med berekraft.

Ansvar

Kreditsjef i Banken har ansvar for etterleving av denne retningslinja. Retningslinjene bygger på banken sitt kredittrammeverk, herunder kredittpolitikk, kredittstrategi og kreditthandbok. Banken vil rapportere på etterleving av denne retningslinja gjennom årleg berekraftsrapportering.

Samfunnsansvar i kredittgjevinga

Generelle retningslinjer for kredittgjeving til aktivitetar med auka risiko

Banken ønsker, saman med kundane, å bidra til at lokalsamfunna, regionen og verda blir meir berekraftig. Banken er oppteken av at kundar er miljøbevisste, bryr seg om samfunnet rundt oss og driv god verksemdstyring. Banken er difor oppmerksom på sider utover det reint finansielle for alle kundeforhold.

Miljø

Banken forventar at kundar tek omsyn til og reduserer risikoen for skade på klima og miljø. Banken forventar at kunde:

- Har eit bevisst forhold til klimarisiko og jobbar målretta med å redusere sin belastning på klima og miljø.
- Respekterer relevante lover og reglar, herunder men ikkje avgrensa til Parisavtalen, Naturmangfaldlova, Svalbardmiljølova, Våtmarkskonvensjonen, Forureiningslova og Dyrevelferdslova.
- Førebygger negative konsekvensar for lokale område som er oppført på UNESCOs verdsarvliste, våtmark registrert i Ramsarkonvensjonen, planteartar etter CITES sine krav eller sårbare naturområde/verneområde registrert av den internasjonale Naturvernunionen (IUCN).
- Utviser aktsemd i heile verdikjeda, med omsyn til biodiversitet og etterleving av naturvern.

Samfunn

Banken forventar at kundar respekterer og etterlev prinsipp som er nedfelt i anerkjente internasjonale lovverk og normer om menneske- og arbeidsrettar. Banken forventar at kunde:

- Respekterer og etterlev prinsipp som er nedfelt i menneskerettane (FNs verdserklæring om menneskerettar).
- Respekterer ILOs kjernekonvensjonar som utgjer eit minimum av rettigheter som skal respekterast i arbeidslivet, herunder ILO Declaration on Fundamental Principles and Rights at Work og ILO Minimum Age Convention.
- Respekterer Arbeidsmiljølova og Ligestilling- og diskrimineringslova, og handsamar eigne tilsette rettferdig og med respekt.
- Handlar ansvarleg og ikkje utnyttar krisar, avhengigheit eller sårbarheit.
- Har klare retningslinjer knytt til likestilling og forbod mot barnearbeid.

Verksemdstyring

Banken forventar at kundar handlar i tråd med banken sine retningslinjer for kvitvasking, terrorfinansiering og korrupsjon. Banken forventar at kunde:

- Handlar i tråd med banken sine retningslinjer, og opplyser om verksemda sine reelle rettighetshavarar.
- Har nulltoleranse for kvitvasking, korrupsjon og økonomisk kriminalitet i eiga verksemd og verksemder dei samhandlar med.
- Ved mistanke om korrupsjon bidreg til full openheit og medverkar i etterforskinga av forholdet.

Bransjar banken ikkje finansierer

På bakgrunn av banken sitt samfunnsansvar og verdier er det områder og aktivitetar som ein ikkje finansierer. Banken gir ikkje lån til verksemder som:

- Bryt med banken sine etiske retningslinjer og verdier.
- Driv gruvedrift opent i oljesand eller tjæresand.

- Driv utvinning eller handel av konfliktmaterialar, herunder uran, asbest, termisk kol og metallurgisk kol.
- Er involvert i bruk, utvikling, testing, produksjon, lagring eller transport av kontroversielle våpen og kan vere knytt til brot på grunnleggande humanitære prinsipp.
- Driv med produksjon av tobakksprodukt.
- Driv med produksjon av pornografisk materiale.
- Produserer kraft ved bruk av fossilt brensel, kol eller kolgruvedrift
- Borar, utvinn eller leitar etter olje og gass.
- Har ein vesentleg del av inntekta knytt til utvinning av kryptovaluta.

Forventningar og krav til bransjar

Jordbruk (landbruk og skogbruk)

Banken forventar at landbrukskundar har interesse for korleis dei kan bidra til berekraftig produksjon på eige gardsbruk. Kundane bør tenke langsiktig og vektlegge berekraft ved nye investeringar.

Banken forventar at alle landbrukskundar tek i bruk Landbrukets klimakalkulator for å berekne eigne klimagassutslepp og få oversikt over dei største utsleppskjeldene sine. Landbrukskundane bør få utarbeidd ein klimaplan for eige gardsbruk og dele informasjon frå klimakalkulatoren med oss. Banken sin klimaovergangsplan gir ein nærmare beskriving av banken sine krav og forventningar til kundar innan landbruket.

Banken finansierer ikkje tiltak som skadar miljøet eller har negativ påverknad på klimaet i tråd med FN sine miljømål. Banken forventar at kundar har drift som ikkje skadar sårbare naturområde, herunder skader forårsaka av uansvarleg handtering av avfall, kjemikaliar og husdyrgjødsel. Banken finansierer ikkje dyrehold som ikkje er i samsvar med gjeldande lov- og regelverk.

Fiskeri

Banken forventar at kundar innan fiskerinæringa driv si verksemd på grunnlag av offentlege tillatingar og at ein følger lovar og reglar som gjeld for næringa. Kunde har eit ansvar for å forvalte naturressursar på ein berekraftig måte. Banken forventar at selskapa innan fiskerinæringa tilpassar drifta til det grønne skiftet og driv med så lite miljøavtrykk som mogleg. Banken sin klimaovergangsplan gir ein nærmare beskriving av krav og forventningar til kundar innan fiskerinæringa.

Banken finansierer ikkje verksemd som driv fiskeri på utrydningstrua artar eller som nyttar skadelege fiskemetodar. Banken skal ikkje ha kundar innan fiskeri som ikkje følger gjeldande lov- og regelverk.

Havbruk

Banken finansierer havbrukskundar som har eit planverk for å minimere utfordringar knytt til fiskevelferd, herunder men ikkje avgrensa til avfallshandtering, lakselus, rømming og smitte. Banken forventar at kundar har relevante miljøsertifiseringar, til dømes Global G.A.P, IFA 5.0 eller ASC, og etterlev lover og reglar som regulerer drift av oppdrettslokalitetar.

Banken forventar at kundar driv systematisk arbeid med å forebygge uønska påverknad på omgjevnadene, med fokus på berekraftig utnytting av fôr, alternative produksjonsmetodar, elektrifisering av fôrflåtar og fiskevelferd. Banken sin klimaovergangsplan gir ein nærmare beskriving av banken sine krav og forventingar til kundar innan havbruksnæringa.

Industri og bergverk

Banken forventar at kundar innanfor industri- og bergverksdrift har relevante miljøsertifiseringar for sine produkt og produksjon, og jobbar med reduksjon av forureining og klimagassutslepp frå eigen produksjon, samt energieffektivisering. Banken forventar at kundar sikrar ein god avfallshandtering og arbeider for å redusere utslepp knytt til produksjon og frakt av varer som blir produsert i bransjen.

Banken set krav til kundar med vesentlege engasjement om å dokumentere sine egne utslepp og ha ein plan for korleis dei skal redusere desse. Banken forventar at også mindre kundar jobbar med utsleppsreduksjon.

Bygg og anleggsverksemd

Banken forventar at kundar innan bygg- og anleggsbransjen reduserer egne klimagassutslepp og bidrar til ein meir berekraftig framtid. Dette inkluderer god avfallshandtering, rutinar for kjeldesortering av fyllmassar og gjenbruk av materialar. Banken krev at bygg- og anleggsprosjekt har utarbeidd ein SHA-plan (sikkerheit, helse og arbeidsmiljø).

Banken forventar at kundar har ein plan for å etterleve krav frå det offentlege om fossilfrie anleggsplassar for samferdsel, samt set fokus på elektrifisering og energieffektivisering av byggeplassar. Kundar skal følgje gjeldande lover og regelverk. Banken sin klimaovergangsplan gir ein nærmare beskriving av banken sine krav og forventingar til kundar innan bygg- og anleggsbransjen.

Eigedom

Banken forventar at kundar innanfor eigedomsbransjen har tiltak knytt til klimarisiko, miljøsertifisering, energieffektivisering, materialutnytting, avfallshandtering og forureining. Større kundar er forventa å ha ein plan for å redusere energiforbruk, og vi forventar at selskapsdokument inneheld klimarekneskap. Banken sin klimaovergangsplan gir ein nærmare beskriving av banken sine krav og forventingar til kundar innan eigedom.

Det skal normalt stillast krav om energiattest på bygg som har krav til dette etter energimerkingsforskrifta. Banken finansierer ikkje oppføring av nybygg utan å ha motteke ein reguleringsplan der fysisk klimarisiko er vurdert.

Kraft

Banken har klare krav og forventningar til kundar innan vasskraftbransjen. Alle nye vasskraftverk må følgje nasjonale reglar og retningslinjer, som Vasskraftdirektivet og kriteriane i EU-taksonomien. Banken forventar at kundar følgjer dei sju prinsippa fastsett av World Commission on Dams (WCD) ved bygging av alle typar vassinfrastrukturprosjekt.

Banken forventar at kundar innan vasskraft nyttar den best tilgjengelege teknologien, arbeider for å nytte fossilfrie alternativ og har ein plan for å redusere egne utslipp.

Land- og sjøtransport

Transportbransjen er ein utslippeintensiv bransje, og banken har klare køyrereglar rundt finansiering til denne sektoren. Banken forventar at kundar innan sjøtransport og landtransport følger nasjonale og internasjonale bransjestandardar, nyttar den best tilgjengelege teknologien ved investeringsbeslutningar, arbeider for å nytte fossilfrie alternativ og har ein plan for å redusere egne utslipp.

Banken sin klimaovergangsplan gir ein nærmare beskriving av banken sine krav og forventingar til kundar innan sjøtransport.

Petroleumsverksemd

Banken forventar at kundar som driv petroleumsverksemd har ein plan for å minimere direkte og indirekte klimagassutslipp i eiga forretningsdrift, og at selskapa tek i bruk løysingar som aukar energieffektiviteten og reduserer klimagassutslippa. Ved finansiering krev banken at kundar kan vise til konkrete tiltak og mål for å sikre at eige produkt eller teneste er klimanøytralt innan 2050. Banken krev at kundar ikkje skal etablere seg i svært verdifulle og sårbare område.

ESG-vurdering i kredittprosessen

I tråd med banken sine overordna prinsipp og retningslinjer skal ein alltid vurdere ESG-relatert risiko i kredittsaker på bedriftsmarknaden. For banken er det avgjerande å synleggjere ei tydeleg forplikning til berekraft og ansvarleg verksemdsstyring. Ved å kartleggje potensielle økonomiske konsekvensar av klimarelaterte hendingar for både banken og bedriftskundar, bidreg banken til ei gradvis omstilling mot ein meir berekraftig og robust økonomi.

ESG-vurdering

For kundar med kredittengasjement som overstig ei fastsett grense, skal det gjennomførast ein ESG-analyse. Denne analysen er integrert som ein eigen modul i banken sitt kredittsystem og vert gjennomført på selskapsnivå. Målet er å avdekkje ESG-risiko som ein del av den samla kredittrisikoen ved lån til bedriftskundar. Spørsmåla i analysen tek for seg forhold knytt til miljø, sosiale forhold, arbeidstakarrettar og menneskerettar. Banken nyttar både relevante kvalitets- og sertifiseringsordningar i bransjen og anbefalingar frå fagmiljø og bransjeorganisasjonar.

ESG-scoring

Dersom analysen avdekkjer høg ESG-risiko (raud score), skal det setjast i verk kompensierende tiltak, til dømes tilleggsvilkår knytt til konkrete forbetringar kunde må gjennomføre.

Grøn finansiering

Som del av kredittdialogen og vurderinga av ESG-risiko kan banken nytte berekraftig finansiering og overgangsfinansiering som verkemiddel for å støtte kundar i omstilling. Slik finansiering kan vere aktuelt når kunden kan dokumentere at investeringa bidreg til redusert klima- og miljøpåverknad eller til ein planlagt overgang mot meir berekraftig drift. Løysinga endrar ikkje krava til ordinær kredittvurdering, men kan knytast til føresetnader, rapportering eller andre vilkår som bidreg til å redusere risiko og sikre framdrift i omstillingstiltak.

Oppfølging, kontroll og tiltak

ESG-modellen er eit sentralt vurderingskriterium i kredittvurderinga. Poengsum og risikoklasse viser ESG-risikoen for kunden, og høg risiko kan auke tapsrisikoen for banken. Dersom kunden er i ein høg risikoklasse, skal banken gå i dialog for å rådføre om tiltak som kan redusere risikoen.

Ved å offentleggjere denne retningslinja på banken si heimeside og ved å informere kundar når dei etablerer kundeforhold eller søker finansiering, gjer banken det klart kva forventningar, krav og oppmodingar som gjeld. Dersom banken får kjennskap til at ein kunde bryt med retningslinja, vil banken ta kontakt for å få til forbetringar. Viser det seg at oppfølginga ikkje fører fram, kan det i siste instans bli vurdert å avslutte kundeforholdet.

Offentleggjering

For å vise korleis banken arbeider for eit meir miljø- og samfunnsansvarleg næringsliv, er denne retningslinja offentlig. Slik byggjer banken tillit hjå kundar, tilsette og andre interessentar, og viser at banken tek samfunnsansvaret vårt på alvor.

Retningslinja er òg eit verktøy for å måle og forbetre banken sin praksis når det gjeld miljø og samfunnsansvar over tid. Den kan òg setje søkelys på viktige utfordringar og moglegheiter i regionen, og samstundes vere ei inspirasjonskjelde for andre verksemder.